

SAKSPAPIR

Saksnr	Utval	Type	Dato
21/14	Levekårsutvalet	PS	04.03.2014

Saksbehandlar	Arkiv	ArkivsakID
Eileen M Feste	FA - C00	14/339

Musikkbinge

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Levekårsutvalet tek Ungdomsrådets uttale om etablering av musikkbinge i Knarvik til orientering

Levekårsutvalet - 21/14

LE - behandling:

Handsaming i Levekårsutvalet - 04.03.2014:

Rådmannen sitt framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

LE - vedtak:

Vedtak i Levekårsutvalet - 04.03.2014:

Levekårsutvalet tek Ungdomsrådets uttale om etablering av musikkbinge i Knarvik til orientering

Saksopplysningar:

Saka skal avgjerast endeleg i Levekårsutvalet

Saksdokument ikkje vedlagt:

- Kommunestyresak 141/12
- Økonomiplan 2013-2016 K-sak 141/12
- Ungdomsrådet sak 03/14 Musikkbinge

I Økonomiplan 2013-2016 K-sak 141/12 heiter det;

Pkt 20. Kommunestyret ber rådmannen greie ut om ordninga med musikkbinge

kan prøvast ut i Lindås.

Levekårsutvalet behandla i møte 20.08.13 sak om Musikkbinge og gjorde følgjande vedtak;

Levekårsutvalet tek til orientering sak om musikkbinge. Saka vert vurdert i samband med budsjett for 2014.

I samband med budsjettbehandling for 2014, vart det vedtatt ei verbalpunkt om at saka om musikkbinge skulle sendast Ungdomsrådet for vidare behandling.

Vurdering:

I møte i Ungdomsrådet 16.01.14 - sak 03/14, drøfta Ungdomsrådet etablering av musikkbinge i Knarvik. Rådet stilte spørsmålsteikn ved bruk av midlar når behovet for musikkbinge ikkje er utreda. Rådet peika på at ungdom i dag har ulike tilbod på lokalar som kan nyttast til øvingsformål, t.d. rockeverkstad på Gamle Tinghus på Lindås og moglegheit for øving på Kraft'n ungdomsklubb i Alversund.

Ungdomsrådet gjorde følgjande vedtak - sak 03/14;

Ungdomsrådet ser ikkje behov for å etablere musikkbinge i Knarvik. Dersom

kommunestyret ønskjer å løyve ekstra midlar til ungdomstiltak, kan Ungdomsrådet

bistå med forslag til tiltak